Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 — Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Masfjorden.

Emne: Ard og Plog. — Bygdelag: Nordbygda.

Oppskr. av: Ola R. Midtbö. — Gard: Hosteland

(adresse): Hosteland — G.nr. 14 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nei arden er ikkje brúka. 2.– 3. nei. 4. – 5. –
6.– skoklerne til plogen kallast ~~plogtidl~~ plogtindle.
7.– 8.– 9. nei 10.– 11.– 12.–
Dei gamle snakka om arden, og hur dei kalla den „al".
men den hev ikkje vóre brúka her so folk kan minnast.
Den var gjerne brúka i eldre tider før jordi og aakrane vart so
sundskifte so dei var sia 1650 aari.
13. Ja no brúkast berre fabrikksmidde plogar, sonær so
ein og annan heimelaga hyppeplog til aa „grave
oppmed" potetene. Det var i 1890 aari dei byrja aa
kjöpe fabrikkplogar. Det var desse nye agronomane so
kom alt fraa Stend landbruksskule so gjekk i brodden.
Dei eldste plogar so var brúka her var laga i aari
millom 1850–60 av ein bygdesmed Martinius E. Holsög
Dei var lette, med aas av tre, kniv, veltefjöl og styre av jern.
Dei gjekk so stödt at ein mann kunde styre dei med
pennekniven sin so han sette i styrehandtaket – sa dei.
Dei hadde berre eitt styre og liktest paa Jaederplogen.
Dei kosta visst eitt par dalar.
14. Nei slike plogar var ikkje brúka her.
15. Ja plogkaren hadde ei treslein standande bakom
veltefjöla til aa skrape moldi av plogen med
I seinare tid var det ein liten spade dei brúka. Dei kalla
den for moldskrape.

1405

16. Ein velta plogen til den sida so veltefjøla er.
17. Nei det var ikkje brúka so eg veit
18. Nei, det hadde dei ikkje.
19. Jammaste 6–7 tommar stundom grunnare, aldri djupare. Der var hverken sleperko eller hjul paa dei gamle plogane men eit „plogstille" framme so ein regulera djupni og breidd med.
20. nei der var ein kniv so gjekk gjenom aasen
21. nei. slike plogar har ikkje vore brúka.
22. Nei.
23. Nei slike plogar hev ikkje vore brúka her.

Før fabrikkplogane si tid var det sume bygdesmedar so laga plogar. Ein del plogar vart kjøpte fraa Stend landbruksskule. Dei var heilt av jern, med svert lange styrer. Dei fyrste fabrikk-plogane var vel fraa Frognerkilens fabrikk. Dei kosta vel 20 kr for einhestes plogar med tvo styrer. I 1850 aara? var her innkjøpt eindel harvar og plogar for offentleg rekning og laant ut til folk kringom bygdene. Det var det daaverande Lindaas prestegjeld, som me daa høyrde til so stod for kjøpet og laanet av desse reidskapane, men eg hev ikkje nærmare greida paa det.

Plogdelarne var kalla: aasen eller stokkjen. Solen. Græve. veltefjøla. kniven. styre. plogstille.
ogso: plogtindl-na og plogkrokjen so ein hekta tindl-na fast i plogstille med.

Nei. her var plogen lite brúka naar dei saadde. Dei var so rædde for trakk i aakren under saaarbeidet. Dei spadde aakrane med folkehjelp. Renska ugraset or etterkvart. Smuldra og jamna so aakren saag ut so ei velstelt hagesenq. Ikkje ein fot maatte stiga uti utan naudsyn. Ein ferdigsaadd aaker var tabu. Ein bruka ikkje plog naar ein sette poteter før i 1900 aari.

1405 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING